



Vår dato:

10.06.2022

Vår ref:

2022/6087

Dykkar dato:

30.05.2022

Dykkar ref:

19/840- 50

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Kontakt saksbehandlar
Bjørn Mo, 51568909

Fastsetting av lokal forskrift for jakt av grågås i Time kommune 2022-2028

Statsforvaltaren opnar for utvida jakt på grågås i Time kommune etter forskrift om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun for jaktsesongane frå og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 § 3, punkt 1, med heimel i naturmangfaldlova og viltlova.

Vilkår

- i) Det er berre lov å jakte på dyrka mark og gjødsla beite (og inntil 30 meter frå dette).
- ii) Dei fyrste fem dagane av 20-dagersperioden skal jakta vere avgrensa til flygande fugl over aktivt drivne innmarksareal.
- iii) Det opnast for jakt i tida mellom kl. 16:00 – 22:00.
- iv) Tidleg jaktstart frå og med 2023 har som føresetnad at revidert forvaltningsplan for grågås er godkjent.

Fastsett av Statsforvaltaren i Rogaland 10. juni med heimel i lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 15 og § 16 og forskrift av 21. januar nr. 106 om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun for jaktsesongane frå og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 § 3.

§ 1 Føremål

Føremål med utvida jakt på grågås er å avgrense skadeomfang på dyrka mark og å fremme ein betre forvaltning av bestanden.

§ 2 Utvida jakttid

Jakttid på grågås vert utvida med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid, frå og med 21. juli til og med 9. august. Det er berre lov å jakte på dyrka mark og gjødsla beite (og inntil 30 meter frå dette). Det opnast for jakt i tida mellom kl. 16:00 – 22:00. Vedlagt kart gjev ein oversikt og dei områda det kan jakta på, og dei områda som er friområde. Dei fyrste fem dagane av 20-dagersperioden skal jakta vere avgrensa til flygande fugl over aktivt drivne innmarksareal.



§ 3 Ikraftsetjing og varighet

Forskrifta trer i kraft 21. juli 2022 og varer til og med 9. august 2028.

§ 4 Oppheving

Statsforvaltaren kan oppheva forskrifta i tilfelle at utviding av jakta gjev uynskja verknadar.

§ 5 Straff

Brot på denne forskrifta vert straffa etter viltlova § 56.

Me ber om at Time kommune sendar oss ein kort, årleg, oppsummering om korleis tidlegjakta har fungert. Me er særleg interessert i jaktorganiseringa og tal på felte gjæs under tidlegjakta.

Klagerett

Dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på innan 3 ukar etter at vedtaket er gjort kjent. Ein klage skal stilast til Miljødirektoratet men sendast til Statsforvaltaren for uttale.

Etter at klagefristen er ute vil Statsforvaltaren sende forskrifta til kunngjering.

Bakgrunn for saka

Me syner til søknad om tidleg jaktstart på grågås frå Time kommune datert 30.05.2022. Kommunen har ein relativt høg bestand av grågås, og det har over fleire år kome rapportar om beiteskadar på avlingar. Skadane på avling har auka i takt med grågåsbestanden. I dei seinare åra har problem med beiting på jordbruksareala i kommunen auka markant. Dette gjeld både om våren og på sommaren, særleg på austsida av Frøylandsvatnet. Beitinga fører med seg store beiteskadar og forureining frå ekskrement frå gjæsene. Grågjæsene beitar på både gjødsela og ugjødsela kulturbete, i tillegg på eng og åkrar. Problema forkjem på våren før hekking og på sommaren etter at ungane er flygedyktige.

Ein føresetnad for å forskriftsfesta utvida jakttid, er at det ikkje vert driven utstrekkt skadefelling av grågås. Kommunen har ikkje gitt løyver til skadefelling og føresetnaden er difor oppfylt.

Time kommune søker om tidleg jakt på grågås frå 21. juli og frem til ordinær jaktstart (10. august). Kommunen ynskjer at det skal opnast for jakt i tidspunktet mellom kl. 16:00 – 22:00. Områda det er søkt om å jakta på kjem frem av vedlagt kart.

Rettsleg grunnlag

Etter *forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028*, kan Statsforvaltaren fastsetje forskrift etter § 3 punkt 1a:

«*Fra og med Rana og Rødøy kommuner i Nordland fylke og sørover kan statsforvalteren åpne for jakt på grågås inntil 20 dager før ordinær jaktstart når det foreligger en godkjent lokal forvaltningsplan. I denne perioden fastsetter statsforvalteren jakttiden innenfor et tidsrom fra kl. 24.00 til kl. 10.00 eller fra kl. 16.00 til kl. 22.00. De første fem dagene av 20-dagersperioden skal jakten være begrenset til flyvende fugl over aktivt drevne innmarksarealer.»*

Statsforvaltaren sin vurdering

Det er eit krav om lokal forvaltningsplan for grågås før Statsforvaltaren kan opna for tidleg jaktstart. Time kommune har ein forvaltningsplan for grågås som er gjeldande for 2020-2022. Denne skal



reviderast og leggjast fram for politisk handsaming i løp av 1. kvartal 2023. Tidleg jaktstart frå og med 2023 har som føresetnad at revidert forvaltningsplan for grågås er godkjent.

Tidleg jakt er eit treffsikkert verkemiddel for å regulere lokal hekkebestand av grågås i område med store beiteskadar. Det er viktig at jakta går føre på ein måte som ikkje stressar gjæsene, slik at dei ikkje trekkjer ut av områda straks jakta startar. For å unngå dette har Statsforvaltaren ved enkelte høve sett vilkår om jaktfrie dagar under tidleg jaktstart på grågås.

Time kommune skriv i sin forvaltningsplan at beiteskadane er aukande, og at det er vanskeleg å få til bestandsregulering i ordinær jakttid fordi gjæsene trekkjer tidleg. Dei første i midten av juli. Organisering av jakta har vist seg å vere viktig for å få eit høgare jaktutbytte og for å unngå at gåsa trekkjer tidleg frå jaktområda¹. Viktige stikkord er grunneigarsamarbeid, jaktfrie sonar (friområde) og at ein legg opp til dagar utan jakt. For å få til ein lokal tilpassing av jaktorganisering kan det vere fornuftig at det i forskrifta ikkje vert sett vilkår om jaktfrie dagar. På generelt grunnlag vil me sterkt oppmoda til at jakta vert organisert i jaktfelt og at grunneigarar i jaktfelta går saman om å etablere jaktfrie sonar og dagar utan jakt. Tidlegjakta i Time kommune har vorte organisert gjennom at ein jeger driv fellesjakt på alle eigedomane. Kommunen har fått inntrykk av at ordninga fungerer godt og er oversiktleg for både kommune og grunneigarar. Statsforvaltaren tilrår at denne organiseringa av jakta held frem.

Statsforvaltaren skal vidare vurdere søknaden etter rettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7 i same lov.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)

Det er ikkje gjennomført systematiske teljingar av grågås i Time kommune. Men data rapportert i Artsobservasjoner viser ein auke i talet grågjæser med opp til 320 stasjonære grågjæser i Frøylandsvatnet i juli 2019. Deretter har talet rapporterte individ av grågjæser gått nedover. 2021 var det første året sidan 2016 at det ikkje blei rapportert flokkar på over 100 individ i hekketid.

Storparten av observasjonane i Time kommune er frå områda rundt Frøylandsvatnet. I forvaltningsplanen skriv kommunen at grunneigarar langs Frøylandsvatnet i 2019 observerte ca. 150 gjæser på våren og at det sommaren gjennom blei talt opptil 300 gjæs dagleg.

I 2021 var samla bestand av ikkje-hekkande mytegjæser i Sør-Rogaland registrert til 3100 individ (Arne Follestad, pers medd). Det er ein dobling sidan tilsvarande kartlegging i 2013.

Resultat frå teljingar lokalt, nasjonalt og internasjonalt viser at bestanden av grågås er stor og robust. Det er difor ikkje grunn til å frykte at den ikkje vil tote eit auka uttak gjennom jakt. Tidleg jaktopning er eit godt og målretta middel, nettopp for å redusere den lokale hekkebestanden og dermed redusera skadar på landbruk.

Bestanden av grågås i Time kommune og i Sør-Rogaland er godt nok dokumentert til å kunne gjere vedtak i denne saka.

Før-var-prinsippet (§ 9)

Det er som nemnd god oversikt over bestanden av grågås, og uttaket gjennom jakt vil av erfaring

¹ Jensen, G.H., Tombre, I., Eythórsson, E., Madsen, J., Søreng, S.U., Gundersen, O.M. & Hovland, P.J. 2012. Gåsejakt i NordTrøndelag. Resultater fra ulike jaktorganiseringar i 2011. - NINA Rapport 777. 46 pp. Norsk institutt for naturforskning (NINA), Tromsø



ikkje vere ein trugsel for arten eller den lokale hekkebestanden. Føre-var-prinsippet kommer difor ikkje til bruk i denne saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)

Tidleg jakt kan verke negativt på økosystem og utgjere ein samla belastning etter naturmangfaldlova § 10. Det er særskilt skytestøy frå jakta som kan vere problematisk for andre artar så tidleg i sesongen (juli). Me har difor satt vilkår i forskrifta om at jakta berre skal skje på eller nærmare enn 30 meter frå dyrka mark eller gjødsla beite. I tillegg er det døgnregulering. Desse vilkåra vil og bidra til å gjere konflikten mellom jakt og natur og friluftsliv mindre.

Me vil igjen minne om at forsking viser at eit sterkt jakttrykk vil presse grågjæsene til å trekke ut av jaktområde kort tid etter jaktstart. Om det skjer vil ein ikkje få til ynskja avskyting av den lokale hekkebestanden. Det er viktig at jakta vert organisert slik at ein i størst mogleg grad unngår dette.

§ 11 om kostnad ved miljøøydelegging er ikkje aktuell i denne saken då jegerane har ansvar for eiga jaktutøving. Det er viktig at jegerane og grunneigarar vert gjort kjend med vilkåra for jakta. Gjeldande jaktlovar regulerer utøving av jakta, og i tillegg vil avgrensingar i tid og rom i forskrifta sørge for dei beste samfunnsmessige resultata jf. § 12.r

Med helsing

Einar Heegaard (e.f.)
fagleiar natur

Bjørn Mo
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1

Kart

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET
knut.henrik.dagestad@miljodir.no

Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM